



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Lindås kommune
Meland kommune
Radøy kommune

Deres ref

Vår ref

Dato

18/467-29

6. mars 2018

Statsbudsjettet 2018 - Tilsegn om prosjektskjønnsmidlar - kapittel 571, post 64, prosjektnummer 608022, Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) viser til dykkar nye kommune sin deltaking i prosjektet *Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*.

KMD gir med dette tilsegn om tilskot til nye Alver kommune til arbeid med fornying og utvikling av lokaldemokrati med kroner 100 000, over statsbudsjettets kapittel 571, post 64 i 2018.

Prosjektets mål

Målet med prosjektet er å mobilisere og legge til rette for at kommunar med vedtak om samanslåing arbeider med å utvikle og fornye sitt lokaldemokrati som ein viktig del av utforminga av den nye kommunen. Målet med tilskotet er å bidra til at ein når målet med prosjektet.

Vilkår for bruken av tilskot

Tilskotet som tildelast nye Alver kommune skal i sin heilskap brukast til arbeidet med å utvikle og fornye lokaldemokratiet for den nye kommunen.

Det forventast at alle resultat frå prosjektet kan gjerast offentleg tilgjengeleg, blant anna ved at omtale av tiltak som kommunen (planleggjar) å gjennomføre, relevante rapporter og liknande kan leggjast ut på departementet si heimeside, www.regjeringen.no.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Cathrine Sørli
22 24 72 52

KMD forventar at nye Alver kommune vil gi forskarane som gjennomfører undervegsevalueringa den informasjonen og tilgangen som er nødvendig for å gjennomføre evalueringa.

KMD forventar at nye Alver kommune vil bidra til å formidle erfaringar frå prosjektet i den samanheng der det er naturleg, for eksempel på samlingar og konferansar for utveksling av erfaring i regi av departementet.

I tillegg gjelder dei vilkåra som går fram av dette brevet og av *Retningslinjer for tilskudd til prosjektet Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*, pkt. 5.

Utbetalingsordning

Nye Alver kommune må vere merksam på at midlane bare kan nyttast i 2018. Tilskot utbetalast på grunnlag av ein utbetalingsoppmoding frå den kommunen som skal ta imot tilskotet på vegner av kommunekonstellasjonen/den nye kommunen. Utbetalingsoppmodinga sendast i vanlig brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Utbetalingsoppmodinga skal innehalde følgjande:

- projektnamnet: *Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*
- det sekssifrete prosjektnummeret: 608022
- saksnummer: 18/467
- informasjon om kva for kommune i denne konstellasjonen tilskotet skal utbetalast til og kontaktperson
- kontonummer som pengane skal overførast til

Utbetalingsoppmoding skal sendast departementet innan **1. november 2018**.

Kontroll av bruk av tilskotet

Nye Alver kommune skal kunne dokumentere at midlane blir brukt i samsvar med vilkåra for tilskotet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan velje å kontrollere at vilkåra i dette tilskotsbrevet og i *Retningslinjer for tilskudd til prosjektet Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*, pkt. 5 er oppfylte gjennom å be om ytterlegare opplysningar og den dokumentasjon som er nødvendig for kontrollen.

KMD føreset at kommunerevisor i sin gjennomgang vil inkludere tilskotsmidlane frå departementet i sin revisjon.

Utbetaling, tilbakebetaling og avkorting av framtidige utbetalningar

Dersom kommunen ikkje har sendt ein utbetalingsoppmoding til departementet innan fristen 1. november 2018, kan departementet holde tilbake midlane og stoppe vidare utbetalningar.

Dersom kommunen ikkje har brukt tilskotet i samsvar med vilkåra i dette tilskotsbrevet eller *Retningslinjer for tilskudd til prosjektet Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*, pkt. 5, kan KMD velje å:

- a) krevje at kommunen betalar tilbake heile eller delar av det utbetalte tilskotet
- b) avkorte framtidige utbetalingar tilsvarande heile eller delar av det utbetalte tilskotet

Åtgang til å kontrollere at vilkåra for tilskotet er oppfylte og konsekvensane av dette går fram av *Retningslinjer for tilskudd til prosjektet Fornyning og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*, pkt. 6. og 7.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ønsker lykke til med det viktige arbeidet med å fornye og utvikle lokaldemokratiet for den nye kommunen.

Dersom de har spørsmål, ber vi dykk ta kontakt med seniorrådgivar Anne-Karin Ødegård på telefon 22 24 70 43 eller e-post Anne-Karin.Odegard@kmd.dep.no.

Med hilsen

Thor Bernstrøm (e.f.)
ekspedisjonssjef

Cathrine Sørli
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Adresseliste

Lindås kommune	Felles postmottak	5914	ISDALSTØ
	Kvernhusmyrane 20		
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER